

Vellukka skifest for tett på 100.

24.11.2017



Mange var samla til skifest torsdag.

I forkant av kvar skisesong vert det arrangert ei samling for skiløparane frå Kvinnherad som deltok i karusellrenna den føregåande sesongen. Arrangementet går på omgang mellom laga, og i år var det Omvikdalen idrettslag som stod for tilskipinga. Den var torsdag kveld, og den vart lagt til Aktivitetshuset her i Uskedalen.



Franmtidas langrensløparar tar mot premiar.

Mellom 80 og 90 møtte til samlinga der hovudprogramposten alltid er premiering for innsatsen i skikarusellen året før. I år starta det med ei felles styrketreningsøkt på om lag ein time inne i hallen der om lag 50 var med. Etter det var servering av hot dog og sosialt samvær der det først var premiering av dei som deltok på skileik i Omvikdalen IL sist vinter. Deretter var det så premiering av dei som var med i karusellrenna.

Leiarane i laga fekk også tid til å setja opp terminlista for desse lokale renna for komande sesong. Det gjorde dei medan løparane sveiita seg gjennom treningsøkta. Desse samlingane har også ein stor sosial verdi. Det var deltakarar frå IL Ternen og Rosendal TL i tillegg til Omvikdalen IL og Uskedal IL.

Tilsvarande samling neste år vert også i Uskedalen, men då er UIL ansvarleg for arrangementet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel